

«Stillhet er mangelvare i vår tid og åpenbart en luksus.»

Erling Kagge



Wold stiller ut monumentale skulpturar i stein, tre og torv. Foto: Tobias Nordvik

(2000) er grovt hogde og enkelt lafta saman, ein byggjeteknikk med trådar attende til vikingtida. Teknikken går ut på å stable stokkar oppå kvarandre utan anna bindemiddel enn tyngdekrafta, noko som gjer bygningane svært mobile. Såleis kunne dei flyttast etter kvar det var behov for dei.

«Zinklaft» (2007) er utforma i ein nyare teknikk. Her er stokkane glattare og endane skrattskorne. Såleis kan novene sagast av, og hjørna vert rette. Teknikken vart brukt frå slutten av 1700-talet, då vi fekk sagbruk i landet. Teknikken vart særleg nytta til hus som skulle dekkjast med bordkleding.

Dei to installasjonane er kvitkalka, noko som framhevar dei vakre strukturane i dei glatte treflatene, og bind stokkane saman til heilskaplege former.

#### TORV

I eit mindre rom nedst i salen er ein terning av torvblokker bygd spesielt for utstillinga. Verket er inspirert av torvuttak som

kunstnaren såg som gutunge. Også her viser Wold til gamle tradisjonar. Heilt fram til 1950-åra vart torv teke ut til brensel. Det tek lang tid før myra gror att, fleire stader er hola etter eldre tids torvtaking framleis opne.

Felles for dei tre temaene som Wold tek føre seg, er at det tidlegare var mindre press på ressursane enn i den industrielle utvinninga i vår tid. Det ligg store pengar i myrene. Det meste av hagejord som ein får kjøpt på hagesentera, er slett ikkje jord, men torv frå drenerte myrer. Problemet med vår tids utvinning er at ho nærmar seg rovdrift. Over fleire tusen år har myrene magasinet karbon. Når store areal med myr vert tekne, løper store mengder klimagassar ut. I tillegg misser planter, dyr og fuglar som lever i myrene, heimane sine.

Såleis fortel Wold om kulturlandskapet, den vare balansen i naturen, utan så mykje som eit ord.

EVA FURSETH



«To stammer» (2000) og «Zinklaft» (2007). Foto: Tobias Nordvik

## KUNST LANDET RUNDT



### LIAF 2019

*Svolvær*

30. august–29. september

Lofoten internasjonale kunstfestival begynte med eit regionalt og nasjonalt nedslagsfelt i 1991 og har utvikla seg til ein internasjonal biennale. Festivalen har ikkje faste visingsstadar, men infiltrerer og utforskar det lokale landskapet. I år vert utstillingane viste i og kring Svolvær, og det overgripande temaet er tidevassona.



Hvitveisvasen (1901), privat samling.  
Foto: Tony Hall

### Gustav Gaudernack.

*Emaljens magi.*

*Jugendstilsenteret, Ålesund*

6. september–12. januar

Jugendstilsenteret viser metallarbeid og akvarellskisser av Gaudernack (1864–1914). Han er rekna som Noregs første designar og fekk internasjonal merksemd for arbeida i jugendstil. Han er særleg kjend for vakre, komplekse gjenstandar i avanserte



emaljeteknikkar. Fleire av arbeida er ikkje tidlegare viste.

### Maiken Stene. VIA NORSKE

*FJELL, del 1*


*Trøndelag Senter for*

*Samtidskunst, Trondheim*

29. august–6. oktober

Korleis har det nasjonalromantiske landskapsmåleriet med kunstnarar som J.C. Dahl, Tidemann og Gude påverka måten vi ser på norsk natur? Stene granskar temaet gjennom ein stor installasjon som er bygd opp av skisser, video og måleri med utgangspunkt i opplevinga av kjende utsiktspunkt frå Vestlandet.

seg protestar mot storpolitikken som trugar klimaet og livsgrunnlaget for menneska, ikkje minst gjennom ei storstilt, livstrugande avvising av flyktingar.



### Uredde fargevrimalar

*Kristine Øksendal,*

*A Painter's View*

*Kunstbanken Hedmark*

*Kunstsenter*

24. august–6. oktober

Øksendal har fylt underetasjen i Kunstbanken med abstrakte fargeeksplosjonar. Målinga er påført overflata med synlege, bestemte penselstrøk. Fargane vrimalar i buktande spiralformer som syg oss inn i lerretet, samstundes som dei kraftige fargekontrastane kastar oss ut att.



### Bergen Assembly 2019

*Actually, the Dead Are Not Dead*

5. september–10. november

Det er tid for triennale i Bergen! Her kan publikum utforske utstillingar i kunsthallen og på punkt som er spreidde utover byen. Utstillingane tek på ulike vis føre